


HERØY  
kommune



# Kvalitetsmelding grunnskule 2025

Vedtøken 17.06.26  
K-sak 59/26

EI BÅTLENGD FØRE



## Herøyskulen 2025 Kvalitetsmelding for grunnskulen

### Om kvalitetsmeldinga

Kvalitetsmeldinga for grunnskulen er ein del av kommunen sin internkontroll jfr. kommunelova § 25-1. Som ein del av oppfølgingsansvaret utarbeider oppvekstavdelinga ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa knytt til læringsresultat, læringsmiljø og fråfall med heilmel i opplæringslova § 17-12 og §§ 1-4 første og andre ledd og 1-5 andre og tredje ledd.

For å gjere det lettare å vurdere kvaliteten på opplæringa, har skular og skuleeigarar nokre felles nøkkeltal om læringsmiljø, elevresultat og fråfall/gjennomføring som dei kan ta utgangspunkt i. Tala i seg sjølv kan ikkje fortelje heile sanninga om kva som skjer på ein skule eller i ein kommune, men tala gir nokre indikasjonar. Tala må tolkast i lys av lokale tilhøve, som til dømes informasjon om satsingar på skulen, organisering av opplæringa og endringar i elev- og lærarsamansetting.

Eleven sitt læringsutbytte er avhengig av ei rekke tilhøve blant anna knytt til fysiske rammer, opplæringsaktivitet og menneskelege relasjonar. Ei oppdeling av kvalitetsomgrepet kan derfor bidra til at det er lettare å sjå på opplæringa frå fleire synsvinklar og få breiare forståing for styrkar og utfordringar. I arbeidet med kvalitetsvurdering blir analysen lettare når vi deler kvaliteten inn i *struktur-, prosess- og resultat*kvalitet. *Strukturkvalitet* viser til ytre føresetnader, organisasjon og ressursar. *Prosesskvalitet* handlar om skulen sitt eige arbeid med opplæringa. *Resultatkvalitet* viser til det heilskaplege læringsutbytte for eleven.

I kvalitetsutviklinga i herøyskulen er lokal kompetanseutvikling og lærande profesjonsfelleskap sentrale prinsipp som skal prege skulane sin praksis. Diskusjonar og refleksjonar som skjer på den enkelte skule, er viktig for å kontinuerleg forbetre skulen sin verksemd. Oppvekstleiinga fyl kvart år opp skulane sine analysar av all kartlegging, resultat på nasjonale prøver, elevundersøkinga og anna relevant opplysning om læringsresultat, gjennom rapporten for skulebasert vurdering (SBV) som kvar skule leverer i februar. Saman med strategiplanen "Herøyskulen 2023-2028" er SBV med på å danne grunnlaget for kva skulane skal sette ekstra fokus på vidare, og med utviklingsarbeid påfølgjande år.

## Innholdsliste

<i>Om kvalitetsmeldinga</i> .....	1
Innholdsliste .....	2
1. Elevar og lærarar .....	3
1.1 <i>Elevar</i> .....	3
Elevutvikling siste fem år: .....	3
Elevutvikling Møre barne- og ungdomsskule: .....	3
1.2 <i>Lærarar og assistentar/fagarbeidarar</i> .....	4
Lærartettleik .....	4
2. Utviklingsområde .....	5
2.1 <i>Nasjonale mål</i> .....	5
2.2 <i>Lokale mål</i> .....	5
Lesing .....	
Læringsmiljø .....	
Trygge overgangar .....	
Betre tverrfagleg samhandling (BTS) .....	
<i>KOSIP (Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis)</i> .....	7
3. Resultat .....	8
3.1 <i>Elevundersøkinga</i> .....	8
3.2 <i>Mobbing</i> .....	10
3.3 <i>Nasjonale prøver</i> .....	11
Resultat 5.trinn 2024: .....	12
Resultat 8.trinn 2024 .....	14
Resultat 9.trinn 2024 .....	15
Samanlikning i prosent av 8.trinn 2023 og 9.trinn i 2024: .....	16
Framgang i skalapoeng: .....	16
3.4 <i>Sluttresultat grunnskule</i> .....	16
3.5 <i>Gjennomføring vidaregåande skule</i> .....	18
Gjennomføring siste fire år: .....	19
4. Samandrag .....	21

# 1. Elevar og lærarar

## 1.1 Elevar

Tal som er henta frå GSI per 1. oktober 2025, viser at vi då hadde 891 elevar totalt i den offentlege skulen i Herøy. Elevane fordeler seg på skulane slik:

Eining	Tal på elevar
Bergsøy skule	254
Nerlandsøy skule	71
Einedalen skule	174
Moltu skule	25
Leikanger skule	26
Stokksund skule	43
Herøy ungdomsskule	298
Møre barne- og ungdomsskule	169


Elevtal per eining 2020 – 2025 (tal frå GSI):

Eining - skuleår	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
<b>Herøy off. grunnskule</b>	<b>971</b>	<b>942</b>	<b>955</b>	<b>938</b>	<b>927</b>	<b>891</b>
Bergsøy	297	271	264	272	259	254
Nerlandsøy	83	78	77	72	73	71
Einedalen	157	170	166	177	173	174
Moltu	36	37	37	37	29	25
Leikanger	49	41	47	33	29	26
Stokksund	124	123	110	106	101	43
YHU/Herøy usk.	225	222	254	241	263	298 *
Møre	155	152	155	148	149	169

\*Tal inneheld også ungdomsskuleelevar frå krinsane Moltustranda, Tjørvåg og Gurskøy etter samanslåing til ein ungdomsskule.

Elevtalsutvikling offentlig grunnskule år 2000 – 2025 (tal frå GSI):

GSI per 1.oktober	2000	2005	2010	2015	2020	2025
<b>Elevtal:</b>	1186	1136	1132	1064	971	891



**Kommentar:** Elevtalet i den offentlege skulen i Herøy har gått sakte nedover over år. Det er stort sett noko nedgang i alle krinsar, men størst har nedgangen vore i indre del av kommunen. Noko av nedgangen skuldast generelt lågare fødselstal, og noko skuldast at mange vel den private skulen Møre barne- og ungdomsskule i Myrvåg. Barnekulla i krinsane Moltu, Stokksund (Tjørnvåg delen) og Leikanger har vore veldig små dei siste åra, noko som våren 2025 førte til eit kommunestyrevedtak om samanslåing av desse tre barneskulane frå hausten 2026. I det same vedtaket vart det bestemt at ungdomstrinna ved Stokksund skule skulle overførast til Ytre Herøy ungdomsskule, og dette vart innført frå hausten 2025. Den nye skulen fekk namnet Herøy ungdomsskule.

Fødselstal 2020 – 2025 (tal frå folkeregisteret) –  
prognose over skulestartarar frå bygdene 2026 – 2031:

Fødselsår	f. 2020	f. 2021	f. 2022	f. 2023	f. 2024	f. 2025
Skulestart	2026	2027	2028	2029	2030	2031
<b>Herøy off. grunnskule</b>	<b>85</b>	<b>91</b>	<b>82</b>	<b>83</b>	<b>79</b>	<b>81</b>
Bergsøya	43	36	38	39	28	35
Nerlandsøya	9	7	12	9	5	4
Runde/Remøy/Leinøya (Einedalen)	19	25	17	23	22	27
Moltustranda	2	9	8	2	12	7
Leikong	8	5	1	0	3	1
Tjørnvåg (Stokksund)	4	9	6	10	9	7
Myrvåg/Dragsund (Møre)	7	4	6	8	10	16

## 1.2 Samanslåing av skulekrinsar

Etter det politiske vedtaket om å slå saman barneskulane i indre del av kommunen, søkte ei gruppe personar frå Moltustranda til Utdanningsdepartementet om å starte opp Montessoriskule på Moltu. Dette stilte departementet seg positive til, og skulen er no under utvikling. Den skal godkjennast av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal innan 15. juni 2026. Dersom denne skulen kjem i gang frå hausten 2026, så vil talet på skulestartarar, særleg ved Stokksund i åra som kjem, vere usikre. I praksis kan skulen hente elevar frå alle krinsane i kommunen, på alle trinn og frå nabokommunar. Fødselstala frå 2020 – 2025 er henta frå Folkeregisteret og er den sikraste prognosen vi har per i dag.

## 1.3 Lærarar og assistentar/fagarbeidarar

For skuleåret 2025-26 er det tilsett 102 lærarar fordelt på 91,8 årsverk. Av desse går 81,7 årsverk til ordinær undervisning. Det er tilsett 30,2 årsverk til assistentar/fagarbeidarar og 9,16 årsverk til rektor/ass.rektor. I tillegg kjem timar til individuelt tilrettelagt undervisning, ei stilling som sosialpedagogisk rådgjevar og ei stilling med yrkes-/utdanningsrådgjeving i stillinga si.

### Lærartettleik

Lærartettleik er definert som forholdet mellom det totale talet på elevtimar og det totale talet på lærartimar, og vert rekna ved å dele elevtimar på lærartimar i ordinær undervisning. Timar til spesialundervisning og undervisning i særskilt språkopplæring er ikkje rekna med. I norm for lærartettleik (lærarnorma), er det lærartettleik i ordinær undervisning som blir nytta. Norm for lærartettleik seier at det skal være maksimalt 15 elevar per lærar på 1.-4.trinn og maksimalt 20 elevar per lærar på 5.-10.trinn. Norm for lærartettleik gjeld berre for offentlege skular.

Tabellen viser tal på elever per lærar per 1. oktober 2025 (GSI) i ordinær undervisning.

Eining	1.-4.trinn	5.-7.trinn	8.-10.trinn
Bergsøy skule	13,62	16,78	
Einedalen skule	14,27	16,31	
Leikanger skule	9,93	6,33	
Moltu skule	6,19	9,14	
Nerlandsøy skule	10,61	14,57	
Stokksund barne- og ungdomsskule	17,05	10,41	
Herøy ungdomsskule			18,79

## 2. Utviklingsområde

### 2.1 Nasjonale mål

«Skule og vidaregåande opplæring skal ha høg kvalitet og gi den enkelte og samfunnet nødvendige føresetnader for framtidig velferd, verdiskaping og berekraftig utvikling. Alle elevar skal oppnå grunnleggande dugleikar og oppleve meistring og utfordringar.»

<https://www.regjeringen.no/no/tema/utdanning/grunnopplaring/id1408/>

Kunnskapsdepartementet har sett følgjande mål for grunnopplæringa:

- Alle barn skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Barn og unge, som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikle sitt potensiale.
- Dei tilsette skal ha høg kompetanse.
- Alle skal lukkast i opplæringa og utdanninga si.

### 2.2 Lokale mål

Strategiplanen for Herøyskulen (2023-2028) byggjer på kommunen sin samfunnsplan og overordna nasjonale styringsdokument. Strategiplanen er ei klar retning for arbeidet i skulane våre, på dei områda der vi ser størst behov for å rette innsatsen no og dei næraste åra.

Strategiplanen formulerer målsettingar for arbeidet i skulane. Desse målsettingane er overordna og har vore dei same over fleire år slik at vi kan følgje med på utviklinga.

Mål for skuleeigar:

- Alle elevar skal ha dei beste føresetnader for å lære i eit trygt og godt læringsmiljø.
- Vi skal trygge overgangane mellom barnehage – skule, mellom 4. – 5. trinn og mellom 7. – 8. trinn og 10. trinn – Vg1.
- Vi skal jobbe for auka lesedugleik for alle elevar.
- Vi skal jobbe for å betre resultatane ved nasjonale prøver, med særleg fokus på lesing i 5. trinn.
- Vi skal styrke heile organisasjonen ved å utvikle eit felles system for språkutvikling, begynnarpplæring og lesing som grunnleggande dugleik for barnehage og grunnskule.
- Auka grad av gjennomføring i vidaregåande skule som resultat av tidleg innsats og auka kompetanse i grunnskulen

Skulane skal kvart år utarbeide utviklingsplanar med utgangspunkt i dei overordna strategiske måla for Herøyskulen. Desse måla blir det arbeid med over fleire år, og måla for 2025 var dei same som vi sette oss i 2021. Vi kan difor seie noko om korleis dette arbeidet har gått.

Mål for skulane:

- Alle elevar skal ha høve til å lære og utvikle seg i eit trygt og godt læringsmiljø.
- Sikre og trygge overgangane mellom barnehage og skule og i skulen.
- Sikre tidleg innsats og sette inn tiltak for dei som treng det.
- Styrke og utvikle skulen som lærande fellesskap gjennom arbeid i nettverk i skulen og mellom skular i kommunen.
- Auke leseglede og lesemotivasjonen hos elevane.
- Vere med å utvikle eit felles system for språkutvikling og lesing i grunnskulen.
- Bruke ulike fagtekstar frå 3. trinn – 10. trinn.
- Felles forståing for at alle lærarar skal vere leselærarar.

## Utvikling over tid 2021 - 2025:

### Trygt og godt miljø:

Eit godt læringsmiljø er ein lovfesta, grunnleggjande rett for alle elevar (opplæringslova kap.12). Læringsmiljøet til elevane er her og no og krev kontinuerleg fokus på klasseleiing, elevmedverknad, undervegsvurderingar og relasjonsbygging. Det kjenneteiknast av eit fysisk og psykososialt miljø som fremjar læring, helse og trivsel. Læringsmiljø og relasjonsbygging har vore eit fokusområde for skulane i Herøy i mange år, og skal vere innarbeidd som ein naturleg del av skulane sin praksis.

Ingen barn har optimale føresetnader for å lære om dei kjenner seg utrygge, ekskluderte eller ikkje blir sett. Det er ein sterk samanheng mellom sosial tilhøyrse og det faglege læringsutbyttet til eleven. Arbeidet med å fremje trivsel i skulen er derfor ikkje berre viktig for å motverke mobbing, åtferdsproblem og einsemd. Trivsel fremjar også fagleg læring. Kjerneelement i eit godt læringsmiljø er at barna har venner, at det er tillit mellom lærar og elev, og at samarbeidet mellom skule og heim er prega av felles forståing for barnet sitt beste.

Undervisninga og det som skjer i klasserommet er difor viktig for læringsmiljøet. Læraren må utvise tydeleg klasseleiing, ha god struktur og uttrykke hensiktsmessige forventningar og tilbakemeldingar til elevane si utvikling. Forsking på området skulemiljø/læringsmiljø, legg stor vekt på skulen og kommunen sine evner til å tenke heilskap og sjå elevane som ein del av noko større. Det er derfor lagt vekt på elevmedverknad og foreldresamarbeid som sentralt for å bygge trygge læringsmiljø. Skulane sine «Innsatsteam mot mobbing» (SIM) har personar med god kompetanse og kunnskap om mobbing og om lovverket. I 2022 blei det utarbeidd ein felles [plan for læringsmiljø](#) i skulane, med råd om førebyggjande tiltak, rettleiing og tips til lærarar som står i aktive saker. Denne planen skal no reviderast og byggast saman med barnehagen sin plan for trygt miljø.

Eit godt samarbeid mellom heim og skule er viktig for at skulen skal lukkast i arbeidet med eit inkluderande læringsmiljø. Skulen treng foreldre som kan bidra inn i skulen og som kan støtte elevane og skulen i læringsarbeidet. Dette gjeld ikkje minst i arbeidet mot mobbing og utrygge skulemiljø.

### Trygge overgangar:

Overgangen mellom barnehage og skule/SFO, og mellom ulike trinn i skulen, kan vere krevjande for barnet. Ein trygg overgang kan vere avgjerande for dei med særskilde opplæringsbehov. Særleg er overgangen frå barnehage til skule viktig. Det er viktig at barnehagen veit kva som er forventa av eit barn når ein startar på skule, og det er viktig at skulen veit kva barnet kan når dei kjem frå barnehagen. Det er også viktig at foreldra veit kva som er forventa av barnet på dei ulike nivå, slik at dei kan vere med å støtte barnet og skulen i eit opplæringsløp.

Planen for å sikre gode overgangsrutinar i Herøy blei revidert hausten 2025. Utviklingsarbeid innan språk (barnehage) og lesing (skule) og plan for overgangsrutinar skal tydeleggjere kva som er forventa av kompetanse ved dei ulike overgangane. Språkutvikling og lesing heng saman og er grunnleggjande for utvikling og læring, både sosialt og fagleg i barnehagen og gjennom heile skuleløpet.

Det er utarbeidd ein felles plan for førskulegruppene i barnehage saman med ressurslærar frå skule. I dette arbeidet blir det fokusert på gode overgangar mellom barnehage og skule fordi språkutvikling og begynnaropplæring i skulen heng saman. Det blir arbeidd med rutinar for overføring av kompetansen med TRAS og ASK i barnehagen og inn i skulen.

### KOSIP (Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis)

Herøy kommune samarbeider med resten av Sjustjerna og høgskulen i Volda om kompetansetiltak for tilsette innafor «kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderende praksis» (KOSIP). Denne kompetansesatsinga er knytt saman med Desentralisert kompetanseordning (Dekomp) for skular og Regional kompetanseordning (Rekomp) for barnehagar. Kompetanseløftet er et tiltak for leiarar og tilsette i barnehagar, skular og det tverrfaglege laget rundt barnet.

Kompetanseløftet skal vere eit varig kompetanseløft på det spesialpedagogiske feltet, og skal bidra til at alle kommunar og fylkeskommunar har tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane for å kunne førebygge, fange opp og gi eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbud til alle, inkludert barn og elever med behov for særskilt tilrettelegging.

### Auka lesedugleik:

Frå [forsking](#) veit vi at lesing er viktig for barn heilt ned i 1,5-årsalder. Å lese for barn frå før dei kan snakke, gir store utslag i kor mange ord barnet lærer seg. Barn er mest påverkelege for språkinnlæring fram til dei er tre år. Difor er det viktig å lese mykje for dei frå tidleg alder. Barn som har tilgang på bøker, og som har blitt lest for heime, har nesten dobbelt så stort ordforråd ved skulestart enn dei som ikkje har blitt lest for.

Barnehagane i Herøy samarbeider om å fremje språkleg mangfald og leselyst. Dei nyttar ulike verkty for å stimulere, kartlegge og visualisere ord og innhald. TRAS (tidleg registrering av språk) er eit observasjonsverkty som er med på å kartlegge barna si språkutvikling. Formålet er å identifisere barn som har utfordringar med språket og sette inn tiltak tidleg. ASK (alternativ supplerande kommunikasjon) er eit samleomgrep på non-vebale kommunikasjonsformer som støttar eller erstattar talespråket som t.d. teikn, bilde, kroppsspråk, blick og peiking.

Den digitale [leseplanen](#) er no implementert i skulane og er ei støtte i arbeidet med lesing som grunnleggjande dugleik i alle fag. Språkutvikling i barnehagen og begynnaropplæringa i skulen heng saman, og dei to satsingane som har vore for barnehage og skule (Rekomp og Dekomp) vert no vidareført saman med satsinga KOSIP - «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk». Det overordna målet i dette arbeidet er: *«Robuste barn og ungdom i Herøy kommune, som meistrar liva sine og lukkast i vaksenlivet».*

I løpet av 2026 blir leseplanen utvida til også å gjelde språkutvikling i barnehage, med mål og tiltak. Barnehagane i kommunen har arbeidd med å bygge eit godt system for overgangar mellom barnehage og skule, mellom anna med å inkludere eit fellessopplegg for førskulegruppa i barnehagen. Ein lærarspesialist i begynnaropplæring har leia eit nettverk for lærarane på 1. og 2. trinn. Fokus og mål for nettverket har vore å utvikle felles kompetanse og praksis i høve den første opplæringa i lesing, skriving, rekning og munnlege dugleikar.

Betre resultat på nasjonale prøver med fokus på 5. trinn:

Kvar fjerde elev i femte klasse på landsbasis presterer på lågaste nivå. «Årets resultater fra nasjonale prøver i lesing viser en tydelig forverring. En av fire elever på 5. trinn presterer nå på laveste nivå», ifølge NRK.

Dette er veldig, veldig kristisk, seier fungerande generalsekretær Jørgen Lorentzen i Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening (NFFO). Han meiner utviklinga skjer parallelt med ein stadig meir alvorleg læremiddelsituasjon i norsk skule. [Riksrevisjonen](#) slo i august 2025 fast at kvar femte lærar manglar nødvendige læremiddel, og at berre 12 prosent har oppdaterte, trykte læremiddel i alle fag. Funna samsvarer med det NFFO sjølv dokumenterte i 2023:

«Elever får ikke de bøkene de trenger, og ulikhetene mellom kommunene øker.»

Vidare peikar Lorentzen på at det foregår ein systematisk avlæring av barn si leseevne, noko som kan få dramatiske konsekvensar for språkutviklinga og kunnskapsutviklinga i framtida. Det har vore ein jamn nedgang sidan 2022 og det blir også stadig færre som er gode nok lesarar. NFFO mener utviklinga ikkje kan snuast utan at skolane får fleire fysiske lærebøker, og at dette må vere eit ansvar for regjeringa, for fylkeskommunar og for den einskilde kommune. [Link til NFFO sin artikkel.](#)

NFFO har lenge advart om følgjene av manglande læremidlar, og har gjentatt sine krav i høyringsinnspel og møter med regjeringa. Difor er regjeringa sin [lesemilliard](#) viktig, og at den så fort som råd blir omsett til faktiske skulebøker.

Det nye leseløftet inneheld fem hovudtiltak:

- Elevar på alle klassesetrinn skal lese minst 15 minutt kvar dag: Å bli god til å lese krev mengdetrening. Når barn og unge les mindre i fritida, må dei lese meir på skulen.
- Fleire bøker: Barn og unge skal få tilgang til fleire fysiske skulebøker, skjønnlitteratur og faktabøker, både som klassesett og i skulebiblioteket.
- Mindre skjermbruk for dei minste: Dei yngste elevane bør i større grad bruke fysiske lærebøker, framfor nettbrett.
- Intensivopplæring i lesing: Elevar på alle trinn som strever med lesing skal få rask og tilpassa hjelp når dei møter utfordringar.
- «Hele Norge leser» – ny lesestrategi: Regjeringa vil sette ned ein lesekommisjon som skal lage ein ny lesestrategi for Norge, og blant anna gi ein felles nasjonal anbefaling om kva metodar som gir barn best begynnarpplæring i lesing på norsk.


## 3. Resultat

### 3.1 Elevundersøkinga

**Lokale mål: Auka leseglede og motivasjon for lesing.**


Svarprosent i elevundersøkinga 2025 er 92,4 prosent på 7.årstrinn og 84,0 prosent på 10. årstrinn. Elevundersøkinga er nettbasert og frivillig, og det er ikkje mogleg å svare anna enn på svaralternativa. Elevane skårer på ein skala frå 1-5, der 5 er best resultat. Nokre elevar fullfører undersøkinga utan å svare på alle spørsmåla under ein indikator. Dersom ein elev ikkje har svart på alle spørsmåla til ein indikator, tel ikkje svara til denne eleven med i indikatoren. På denne måten vil elevundersøkinga berre gje oss ei skisse på tilstanden, ikkje eit fullstendig bilete.

## Elevundersøkelsen – Alle indikatorer – 7. årstrinn



2025-26, Herøy kommune (EIER) (Herøy (Møre og Romsdal)), 7. årstrinn, Alle indikatorer, Offentlig skole, Alle kjønn

## Elevundersøkelsen – Alle indikatorer – 10. årstrinn



2025-26, Herøy kommune (EIER) (Herøy (Møre og Romsdal)), 10. årstrinn, Alle indikatorer, Offentlig skole, Alle kjønn

**Kommentar:** Samla sett har vi gode resultat i Elevundersøkinga både for 7. og 10.trinn samanlikna med fylket og med landet elles. Elevane opplever jamt over at lærarane bryr seg, og at dei får den hjelpa dei treng i klasserommet. På 7. trinn viser resultatet betre utslag enn snitt fylke på fleire indikatorar. På 10.trinn er ein del av resultatet merka med stjerne. Det betyr at tala som ligg bak potensielt kan føre til indirekte identifisering av personopplysningar. Disse tala skal difor som hovudregel ikke delast offentleg. I dei indikatorane som er synlege, ligg resultatet på linje eller litt over snitt fylke.

Område vi ser vi må arbeide spesifikt meir med både på 7. og 10. trinn er «motivasjon». Elles er både «vurdering for læring» og «elevdemokrati» ein gjengangar. Desse to indikatorane heng saman og er ein peikepinn på elevmedverknad og læringsfremjande tilbakemeldingar frå lærar knytt til aktivitetar i klasserommet. Det er viktig at elevane er deltakande i eiga læring og at undervisninga er variert og tilpassa alle elevar.

Elevane våre skorar godt på trivsel med over 4,0 på både 7. og 10. trinn. Dei opplever god støtte frå lærarane. Lærarstøtte ligg for 7. trinn på 4.5 og på 4.3 (\*) for 10. trinn. Elevane våre opplever gode vaksne som hjelper å støttar dei i læring!

Fleire av tala for 10. trinn er unnateke offentlegheit – men det viktigaste er at det er lov å dele internt slik at skulen og kommuneleiing kjenner tala.

### 3.2 Mobbing

**Lokale mål: Herøy kommune har nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulane skal førebygge brot på retten til eit trygt og godt skulemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen og læringa til elevane (Opplæringslova kap. 12).**

**Kommentar:** Samletal for mobbing omfattar alle elevar som svarer at dei i ein eller annan kombinasjon er mobba av medelever, digitalt mobba av nokon på skulen eller mobba av vaksne på skulen. Det er strenge skjermingsreglar i Utdanningsdirektoratet (Udir) sin statistikkbank. Når resultat er skjerma (\*), er det fordi tala er så låge i ei gruppe, klasse eller skule at elevane kan identifiserast. At Udir skjermar tal, inneber at tala blir fjerna frå tabellen og erstatta med stjerne.

<b>7. trinn 2025:</b>	<b>Herøy</b>	<b>Heile landet</b>
Mobbing på skulen	*	11,2%
Har du blitt mobba av andre elevar dei siste månadane?	*	9,7%
Har du blitt mobba didigitalt (mobil, Ipad, PC)dei siste månadane?	*	3,7%
Har du blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadane?	*	1,9%

<b>10. trinn 2025:</b>	<b>Herøy</b>	<b>Heile landet</b>
Mobbing på skulen	*	9,7%
Har du blitt mobba av andre elevar dei siste månadane?	3,8%	7,2%
Har du blitt mobba didigitalt (mobil, Ipad, PC)dei siste månadane?	*	3,8%
Har du blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadane?	*	4,2%

**Kommentar:** I Elevundersøkinga 2025 er samletalet for «mobbing i skolen» så lågt at det er skjerma for offentlig visning både på 7. trinn og 10. trinn. Det betyr ikkje at det ikkje førekjem uønska hendingar i Herøyskulen, men talet på registrerte svar er mellom 1 og 5 elevar (under 5 %) og blir automatisk skjerma. Tala for heile landet er for 7. trinn på 11,2% prosent og or 10.trinn 9,7%. På landsbasis har det dei siste to-tre åra vore ein auke i talet på elevar som opplever mobbing. Mobbetala i Herøy er langt under snittet for landet elles, og har ikkje opplevd den auken som har vore nasjonalt. I 2025 vise mobbetala på nytt ein nedgang nasjonalt.

Årsaka til mobbing og trakassering er truleg samansett, og ligg både i og utanfor skulen, eller i ein kombinasjon av fritid og skule. Arbeid med skulemiljø er «ferskvare». Skulane må kontinuerleg monitorere elevmiljøet, gripe inn og sette inn tiltak for å hindre at episodar utviklar seg til mobbing og trakassering. Vi må spele på lag både med foreldre og på tvers av fagavdelingar.

Foreldre er ein viktig ressurs i skulesamanheng, og deira haldning til skulen er av stor betydning for elevane sin trivsel og innsats på skulen. Forsking på område viser at det å ha eit nært samarbeid med alle foreldre vil heve kvaliteten på læringsmiljøet generelt, og bidra til auka læringsutbytte for den enkelte elev. Foreldre kan vere gode støttespelarar ved å snakke med eleven om timeplan, fag, skulekvardagen, vere gode rollemodellar, delta aktivt på arrangement, foreldremøter og utviklingssamtalar, engasjere seg i FAU, snakke med barnet sitt om både det som er kjekt og det som er utfordrande.

### 3.3. Nasjonale prøver

Dei nasjonale prøvene blir gjennomført på 5., 8. og 9. trinn. Prøvene er elektroniske, og dei består av ulike tekstar, bilete og oppgåver med spørsmål. Det er både lette og vanskelege oppgåver, og oppgåver på tvers av fag. Prøvene har også nokre svært vanskelege oppgåver som dei aller sterkaste kan bryne seg på. På opne oppgåver skal elevane svare med eigne ord eller med tal. På fleirvalsoppgåver skal elevane velje eitt av fleire alternativ. Det er veldig få elevar som får alt rett på prøva. På prøvene i lesing skal elevane kunne:

1. å finne informasjon
2. å tolke og reflektere
3. å reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Utvalet av tekstar som inngår i prøvene, er basert på det tekstmangfaldet som er forventa at elevane er vane med. Når elevane våre skårar lågt, er det eit signal om at dei har svak måloppnåing i forhold til dei tre kriteria sett i forhold til det som er forventa.

Føremålet med nasjonale prøver er å gi skulen kunnskap om elevane sine grunnleggjande dugleikar i lesing, rekning og engelsk. Informasjon frå prøvene skal danne grunnlag for kvalitetsutvikling på alle nivå i skulesystemet.

Dersom vi ser på resultatet for eit spesifikt elevkull frå dei er 5. klassingar og fram til dei går ut av grunnskulen, kan vi sjå at resultatata heng ved dei heile grunnskuletida. I følgje forskning kan eit auka læringstrykk på 1.-4. trinn vere med å auke kompetansen til elevane når dei kjem på ungdomsskulen, og ha ein positiv effekt på gjennomføring i vidaregåande skule.

Gjennomsnittlege skalapoeng for heile landet fortset trenden frå i fjor. Det vil sei at elevane presterer litt svakare i lesing og rekning, og litt betre i engelsk, enn føregåande år. Dette kan vi også lese ut av resultatata for eigen kommune.

PIRLS (Progress in International Reading Literacy Study) er ein internasjonal undersøking kvart femte år av lese-dugleikane til tiåringar. Siste undersøking var i 2021, då 65 land deltok. Resultata frå den internasjonale undersøkinga [PIRLS](#) viser at det har vore ein markant nedgang i norske tiåringar sine leseprestasjonar i perioden 2016–2021. Resultata frå nasjonale prøver dei siste åra tyder på at vi ikkje har klart å snu den negative trenden. Nedgangen i leseprestasjonane blir også stadfesta i [PISA-undersøkinga](#).

I 2022 blei innhaldet i dei nasjonale prøvene endra for å gjenspegle dei nye læreplanane. Samtidig blei måling av utvikling over tid starta på nytt. Det betyr at resultatata frå 2022 og 2023 og seinare ikkje kan direkte samanliknast med tidlegare år. Først når vi har resultat frå fleire årgangar vil vi kunne skilje trend frå normale årlege svingingar. Denne nye metoden for trendmåling inneber større endringar mellom år enn tidlegare. Etter at trendmålinga starta på nytt i 2022 har elevane sine prestasjonar i lesing og rekning gått ned. Dette kan også virke inn på det totale bildet.

2025 er det første året vi har høve til å sjå på utviklinga til eit bestemt trinn over år ved å samanlikna resultat i lesing i same elevgrunnlag som 5., 8. og 9.klassingar. Vi bruker måleininga skalapoeng som i snitt skal ligge på henholdsvis 50, 50 og 54 poeng for 5., 8. og 9. trinn.

#### Resultat i skalapoeng over utvikling frå 5. trinn til 9. trinn:

År og trinn:	Lesing	Rekning	Engelsk
2021 (5. trinn)	44 skp.	47 skp	49 skp
2024 (8. trinn)	46 skp	45 skp	49 skp
2025 (9. trinn)	50 skp	50 skp	Ikkje prøve.

**Kommentar:** Eksempelet vi viser til i tabellen er ei trinn (ei elevgruppe) med svakt resultat i både lesing og rekning. Det er noko sterkare i engelsk med 49 av 50 skalapoeng både i 5. og 8. trinn. Dette samsvarar med trenden som viser at elevane i aukande grad har blitt sterkare i engelsk over tid.

Parallelt har elevane blitt svakare i lesing over tid. Såleis samsvarer resultatet i lesing med den nasjonale trenden, og funn gjort både i PIRLS- og PISA-undersøkingane.

#### Lokale mål for nasjonale prøver 5., 8., og 9. trinn:

Det overordna målet for nasjonale prøver er at kommunen sitt samla resultat skal ligge på same nivå som forventa nasjonalt snitt som er:

5.trinn: 50 skalapoeng  
8.trinn: 50 skalapoeng  
9.trinn: 54 skalapoeng


#### Resultat 5.trinn 2025:

Eit samla resultat for kommunen er eit snitt frå alle skulane i kommunen. Nokre dreg snittet opp og andre ned, ofte fordi talet på elevar på trinnet er med på å påverke snittet på ein skule.

Prosentvis fordeling av resultat etter meistringsnivå:

#### Mestringsnivåer – Alle prøvetyper – 5. årstrinn

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



2025-26, Herøy kommune (EIER) (Herøy (Møre og Romsdal)), 5. årstrinn, Alle prøvetyper, Offentlig skole, Alle kjønn

**Kommentar:** Fordelinga av elevar på meistringsnivå viser at det i år samla sett framleis er dårleg resultat i lesing på 5. trinn. Det er noko betre resultat i rekning, medan elevane klarer seg godt i engelsk. Det er særleg gutane som dreg opp resultatet, noko som også viser seg nasjonalt. Vi meiner at elevane lærer mykje engelsk gjennom digitale spel og sosiale media. Denne læringa, i kombinasjon med opplæringa i klasserommet, styrkar resultatet.

I Herøy har vi hatt særleg fokus på lesing siste åra, fordi resultatet i lesing har vore dårleg over tid. Dette er også bakgrunn for at det har blitt utarbeidd ein felles [digital leseplan](#). Skuleåret 2023-24 starta implementeringa av den nye leseplanen, og skulane melder om at den er ei god rettesnor i undervisninga.

God lesekompetanse er nøkkelen til meistring i alle fag. I tilbakemeldingar frå skulane kjem det fram at lærarane opplever leseplanen som god og ein nyttig reiskap. Vi må følgje med på utviklinga og analysere nærmare i forhold til oppgåvetyper på gruppe- og individnivå. Vi må også følgje med på utviklinga i rekneferdigheiter. På 5.trinn er 35,4 prosent av elevane på lågaste meistringsnivå. Vi har samstundes få elevar på nivå 3 samanlikna med snittet for heile landet (12,1% i Herøy og 24,3% i landet).

Snitt skalapoeng Herøy kommune samanlikna med snitt nasjonalt:

5.trinn	Engelsk	Lesing	Rekning
<b>Herøy</b>	50	44 (-5)	49 (-1)
<b>Heile landet</b>	50	49	50

Samanlikning i prosent av 5.trinn 2024 og 2025:

Engelsk	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
2024	20,6	61,9	17,5
2025	25,0	55,6	19,4
Variabel	+5,0 (negativt)	-6,3 (negativt)	+1,9 (positivt)

**Kommentar:** Årets kull på 5.trinn har negativt resultat på nivå 1 og 2 og eit svakt positivt resultat på nivå 3.

Lesing	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
2024	49,0	39,6	11,5
2025	44,4	47,2	8,3
Variabel	-4,6 (positivt)	+7,6 (positivt)	-3,2 (negativt)

**Kommentar:** Årets kull på 5.trinn har eit positivt resultat på nivå 1 og 2 og ein liten nedgang på nivå 3.

Rekning	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
2024	35,4	52,5	12,1
2025	32,4	49,3	18,3
Variabel	-3,0 (positivt)	-3,2	+6,2 (positivt)

**Kommentar:** Årets kull på 5. trinn har positiv utvikling på nivå 1 og 3 og samla sett eit betre resultat enn 2024.

Skalapoeng 5. trinn siste fire år:

År	Engelsk (nasjonalt)	Lesing (nasjonalt)	Rekning (nasjonalt)
<b>2022</b>	49 (50) -1	47 (50) -3	49 (50) -1
<b>2023</b>	50 (50)	47 (50) -3	47 (50) -3
<b>2024</b>	49 (51) -2	44 (49) -5	47 (49) -2
<b>2025</b>	50 (50)	44 (49) -5	49 (50) -1

**Analyse av resultat nasjonale prøver 5.trinn:**

<https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/nasjonale-prover-5.-trinn>


## Resultat 8.trinn 2025:

Resultatet for 8.trinn er eit resultat av det elevane har lært på barnetrinnet. Det er forventa ein framgang i resultat samanlikna med 5. trinn. Gjennomsnittleg skal elevane fordele seg på rundt 35% samla på nivå 1 og 2 og rundt 65% samla på nivå 3, 4 og 5.

Prosentvis fordeling av resultat etter meistringsnivå:

### Mestringsnivåer – Alle prøvetyper – 8. årstrinn

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



2025-26, Herøy kommune (EIER) (Herøy (Møre og Romsdal)), 8. årstrinn, Alle prøvetyper, Offentlig skole, Alle kjønn

**Kommentar:** Årets 8. trinn er eit svakt kull samalikna med nasjonalt resultat. Det er verd å merke seg at det nasjonale resultatet også er svakare i lesing og rekning enn det som er forventa i gjennomsnitt på 50 skalapoeng.

Snitt skalapoeng Herøy kommune samanlikna med snitt nasjonalt:

8.trinn	Engelsk	Lesing	Rekning
<b>Herøy</b>	49 (-2)	47 (-2)	46 (-3)
<b>Heile landet</b>	51	49	49

Samanlikning i prosent av 8.trinn 2024 og 2025:

Engelsk	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
2024	5,0	21,8	55,4	14,9	3,0
2025	12,8	22,1	40,7	18,6	5,8
Variabel	+7,8 (negativt)	+0,3 (negativt)	-14,7(negativt)	+3,7(positivt)	+2,8 (positivt)

Lesing	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
2024	12,7	33,3	40,2	11,8	2,0
2025	16,3	30,2	31,4	17,4	4,7
Variabel	+3,6 (negativt)	-3,1 (positivt)	-8,8 (negativt)	+5,6 (positivt)	+2,7 (positivt)

Regning	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
2024	19,8	27,7	42,6	7,9	2,0
2025	20,9	23,3	33,7	17,4	4,7
Variabel	+1,1 (negativt)	-4,4 (positivt)	-8,9 (negativt)	+9,5 (positivt)	+2,7 (positivt)

### Samla kommentar for alle prøvene 8. trinn:

Årets kull på 8. trinn har jamt over fleire elevar på nivå 1, 2 og 3 enn i 2024, medan ein kan sjå ein svak positiv oppgang på nivå 4 og 5. Det er framleis eit stykke igjen før ein er oppe på nasjonalt nivå som fordeler seg med om lag 1/3 av elevane på nivå 1 og 2, 1/3 på nivå 3 og 1/3 på nivå 4 og 5.

Skalapoeng 8. trinn siste fire år:


År	Engelsk (nasjonalt) diff.			Lesing (nasjonalt) diff.			Regning (nasjonalt) diff.		
2022	49	(50)	-1	49	(50)	-1	49	(50)	-1
2023	51	(50)	+1	49	(49)		49	(49)	
2024	49	(50)	-1	46	(49)	-3	45	(48)	-3
2025	50	(50)		44	(49)	-5	49	(50)	-1

### Resultat 9. trinn 2025:

Prosentvis fordeling av resultat 9.trinn etter meistringsnivå:

#### Mestringsnivåer – Alle prøvetyper – 9. årstrinn

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



2025-26, Herøy kommune (EIER) (Herøy (Møre og Romsdal)), 9. årstrinn, Alle prøvetyper, Offentlig skole, Alle kjønn

**Kommentar:** På 9.trinn blir elevane målt berre i lesing og rekning på nasjonale prøver. Prøvene er dei same som for 8.trinn, noko som gjer at vi kan sjå om dei same elevane viser framgang frå 8. til 9. trinn. Det er forventa å sjå ein framgang hos elevane på 4 skalapoeng, som tilseier eitt år med læring. Difor vil analysen av resultatet for 9. trinn vise eiga utvikling frå 8. til 9. trinn, og ikkje ei samanlikning av årets og fjorårets 9. trinn.

Snitt skalapoeng Herøy kommune samanlikna med snitt nasjonalt:

9. trinn	Lesing	Rekning
Herøy	50 (-3)	50 (-2)
Heile landet	53	52

Samanlikning i prosent av 8.trinn 2024 og 9.trinn i 2025:

Lesing	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
2024	12,7	33,3	40,2	11,8	2,0
2025	9,5	21,1	37,9	23,2	8,4
Utvikling 2024-2025	-3,2 (positivt)	-12,2 (positivt)	-2,3	+11,4(positivt)	+6,4 (positivt)

Rekning	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
2024	19,8	27,7	42,6	7,9	2,0
2025	8,3	17,7	37,5	26,0	10,4
Utvikling 2024-2025	-11,5(positivt)	-10,0(positivt)	-5,1	+18,1(positivt)	+8,4(positivt)

Framgang i skalapoeng:

Prøve	2024-25 8. trinn	2025-26 9. trinn
Lesing	46	50 (+4)
Rekning	45	50 (+3)

**Kommentar:** Resultat på nasjonale prøver for 9.trinn måler kva elevane har fått med seg etter at dei starta på ungdomsskulen. Vi ser som regel ein framgang hos elevane når dei kjem til 9. trinn. Dette trur vi har samanheng med ei rekke faktorar som til dømes modning, større læringstrykk, meir prøver, måling med karakterar og tydelege forventningar til elevane. Årets 9. trinn har framgang i læringsresultat på nasjonale prøver samla sett, samanlikna med resultatet deira i fjor på 8.trinn.

**Analyse av resultat nasjonale prøver 8. og 9. trinn:**

<https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-grunnskole/nasjonale-prover-8.-og-9.-trinn>

### 3.4 Sluttresultat grunnskule

**Lokale mål: Vi måler grunnskulepoenga opp mot det nasjonale nivået, og har som mål å ligge på eller over det nasjonale snittet.**

Grunnskulepoeng er ein samla poengsum rekna ut frå eit snitt av alle standpunkt- og eksamenskarakterar til elevane. Grunnskulepoenga dannar grunnlaget for opptak til vidaregåande skule.


Grunnskulepoeng	2019-2020	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2024-2025
10.trinn snitt	43,3	41,8	45,7	41,7	43,8	43,9
Nasjonalt snitt	43,1	43,2	43,2	42,3	42,1	42,2

Hovedfunn resultat samanlikna med nasjonalt:

- Jentene har i snitt fleire grunnskulepoeng enn gutane. Dette gjeld både nasjonalt og lokalt. Snitt grunnskulepoeng for jentene er 48,1, og for gutane 44,0.
- Forskjellen mellom kjønna har minka noko dei siste åra.
- Kjønnforskjellane er størst nord i landet.
- Det er lite endring i standpunktkarakterane i dei fleste fag.
- Herøy ligg jamt over høgt i grunnskulepoeng samanlikna med nasjonen elles.

### Utvikling i grunnskulepoeng

For skoleårene 2019-20, 2020-21 og 2021-22 er grunnskulepoeng kun basert på standpunktkarakterer. NB: Y-aksen starter ikke på null.



Herøy kommune (EIER) (Herøy (Møre og Romsdal)), Offentlig skole

**Kommentar:** Herøy har med små variasjonar alltid hatt snittkarakterar mellom 4 og 4,5 ved avslutning av 10-årig grunnskule. Dette er gode resultat samanlikna nasjonalt. I 2020 og 2021 vart eksamen avlyst på grunn av pandemien. Grunnskulepoenga for desse to åra er derfor utrekna berre på grunnlag av standpunktkarakterar. Dette gjeld heile landet.

Fokus på praktisk opplæring i teorifaga, utplassering i arbeidslivet, valfag i friluftsliv og god kapasitet på arbeidslivsfag stimulerer trivselen. Dette gjeld særleg gutane, som viser ein tydeleg trend med betring i karaktersnittet over dei siste fem-seks åra. Medan det før var jentene som drog opp karaktersnittet, ligg no gutane jamt med eit snitt på rundt 40 grunnskulepoeng, mot rundt 35 for sju-åtte år sidan og lengre tilbake.

### 3.5 Gjennomføring vidaregåande skule

	2017-kullet	2018-kullet
Oslo	84,9%	85,6%
Rogaland	84,8%	84,9%
Sogn og Fjordane	82,7%	84,4%
Akershus	84,4%	83,8%
Hedmark	80,7%	82,7%
Møre og Romsdal	83,4%	82,7%
Hordaland	82,6%	82,1%
Vest-Agder	82,4%	82,1%
Oppland	81,0%	81,1%
Buskerud	83,0%	80,6%
Trøndelag*		80,6%
Telemark	80,7%	80,4%
Østfold	80,9%	79,7%
Aust-Agder	81,0%	79,4%
Troms	79,4%	79,0%
Vestfold	79,7%	78,8%
Nordland	78,0%	78,7%
Finmark	73,1%	75,4%

*\*Nord- og Sør-Trøndelag ble slått sammen til Trøndelag i 2018.*

**Kommentar:** Den oppadgåande gjennomføringskurva i vidaregåande skule i Møre og Romsdal fortset å stige. Den største endringa frå i fjor er at andelen elevar som fullfører på normert tid aukar. Fullført vidaregåande opplæring er her definert som prosentdelen som har oppnådd studie- eller

yrkeskompetanse innan fem år (studieførebuande utdanningsprogram) eller seks år (yrkesfaglege utdanningsprogram).

Av elevane som starta på vg1 i 2018 har 82 prosent fullført med studie- eller yrkeskompetanse innan fem år nasjonalt. For Møre og Romsdal var talet 82,7 prosent. Det berre Oslo (85,6), Rogaland (84,9), Sogn og Fjordane (84,4) og Akershus (83,8) som har høgare gjennomføringsgrad enne Møre og Romsdal. Elevar på studieførebuande utdanningsprogram fullfører i større grad enn elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram. Det er også store forskjellar mellom dei ulike yrkesfaglege utdanningsprogramma.

Ein del som ikkje fullfører i løpet av fem/seks år, fullfører på eit seinare tidspunkt. Indikatoren er derfor eit mål på effektiviteten til utdanningssystemet, og ikkje eit mål på kor mange som oppnår kompetanse på vidaregåande nivå totalt sett.

#### Elevar som har fullført og betått innan to år etter norbert tid:

For elevane i Møre og Romsdal gjekk gjennomføringa etter 5/6 år (6 år for yrkesfag) i vidaregåande opplæring litt ned for 2018-kullet samanlikna med 2017-kullet (årstalet viser til det året ein tek til i vidaregåande skule). Men sett i eit fireårs perspektiv så held gjennomføringsprosenten seg stigande.

#### Gjennomføring siste fire år:

	<b>Elevar som starta på vgs i 2015</b>	<b>Elevar som starta på vgs i 2016</b>	<b>Elevar som starta på vgs i 2017</b>	<b>Elevar som starta på vgs i 2018</b>
Nasjonalt	80,4 %	81 %	82,2 %	82 %
Møre og Romsdal	82,8 %	83 %	83,4 %	82,7 %


Sidan 2006-kullet har gjennomføringa i vidaregåande opplæring forbetra seg mykje. Av elevane som starta i vidaregåande opplæring i 2006, gjennomførte 73,2 prosent av elevane etter 5/6 år. Det har med andre ord vore ei stor forbetring på dette området dei siste tiåra. Det er 9,5 prosentpoeng fleire av elevane i fylket som i dag gjennomfører vidaregåande opplæring.

Av elevane i 2018-kullet er det flest jenter som gjennomfører, dette gjeld både for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma og for dei studieførebuande utdanningsprogramma. Ser vi tala for utdanningsprogramma samla gjennomfører 86,4 prosent av jentene og 78,9 prosent av gutane. Det betyr at det er 7,5 prosent fleire av jentene som gjennomfører enn gutane.

Gjennomføringa i dei studieførebuande utdanningsprogramma er høg, samla for begge kjønn er gjennomføring på 91,2 prosent for 2018-kullet. Skil vi på kjønna gjennomfører 93,8 prosent av jentene dei studieførebuande utdanningsprogramma mot 87,3 prosent av gutane. I dei yrkesfaglege utdanningsprogramma er det liten forskjell i gjennomføringa mellom kjønna. I desse faga gjennomfører 73,9 prosent av jentene og 73,6 prosent av gutane.

## Fullført innen to år etter normert tid

Denne statistikken følger fylkesinndeling før 2018.



2018, Hele landet, Alle eierformer, Alle utdanningstyper, Alle utdanningsprogram

Kvart år er det elever som ikkje kjem seg gjennom VGS på normert tid. Forsking på gjennomføring av VGS viser at desse elevane kjem inn i vidaregåande opplæring med desse sårbarheitsfaktorane:

- Svært lesesvake, dei har ikkje opparbeidd seg kompetanse som funksjonelle lesarar.
- Historie med høgt skulefråvær gjennom ungdomsskulen (kan vere etablert allereie i barneskulen).
- Fagvanskar/omfattande lærevanskar som gjer at dei ikkje greier å følgje læreplanane verken i grunnskulen eller i studieprogramma i VGS.

Dette er faktorar som er kjende for skulane, og det er utarbeidd rutinar for oppfølging av bekymringsfullt elevfråvær. Ulike tiltak blir prøvde, og det er tett dialog med heimane. I tillegg er det tverrfagleg tilnærming i mange saker.

[Les meir om gjennomføring på udir.no](http://udir.no)

## 4. Samandrag

Kvalitetsmeldinga for 2025 er ein rapport som gir ein oversikt over det arbeidet som er gjort i skulane knytt til utviklingsmåla i strategidokumentet «Herøyskulen – ein los i leia 2023 – 2028». Strategidokumentet er eit overordna dokument for skuleutvikling i Herøy. Dokumentet kom første gang ut i 2015, med siste revisjon i 2022. Det inneheld felles visjonar og grunnprinsipp for skulane i Herøy, pedagogiske satsingsområde, fokus på godt elevmiljø og døme på faktorar som støttar læring. Skulane sine utviklingsmål i arbeidet mot meir læring, tek utgangspunkt i dei felles overordna måla i strategidokumentet.

Fagleg kunnskap er viktig og vil alltid ha eit sterkt fokus. Men det er også viktig å understreke at kunnskapen som vert framstilt i tal og tabellar, berre er ein del av den kompetansen ein legg vekt på at elevane skal tileigne seg. Dei skal også tileigne seg mykje kunnskap som vanskeleg kan målast. I formålsparagrafen i opplæringslova står det at ein skal bygge kompetanse for livet gjennom utdanning og danning. Dette finn ein også igjen i strategien for Herøyskulen og i [overordna del i læreplanverket](#).

Kvalitetsmeldinga dreiar seg i hovudsak om læringsmiljø og læringsresultat i grunnskulen særleg knytt til lesing, samt tal for gjennomføring i vidaregåande skule. Rapporten er eit sentralt element i høve det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet for grunnskulen. Rapporten skal handsamast av skuleeigar, dvs. kommunestyret. Det som omhandlar resultat og tabellar i rapporten, er utarbeidd med bakgrunn i opplysningar og fakta henta frå statistikkportalen til [Udir](#), og [GSI](#). Vi nyttar også resultatata frå [Ung data 2024](#).

Arbeid med språkutvikling og lesekompetanse er eit langsiktig og krevjande arbeid. Vi må sikre fagkompetanse samstundes som ein er bevisst på at alle lærarar er leseleiarar. God lesekompetanse er nøkkelen til meistring i skulen og livsmeistring. Leseplanen vart lansert våren 2023 og skuleåret 2023-24 starta implementeringa av planen. Planen er no eit godt hjelpemiddel i leseopplæringa. Det er også viktig at undervisninga er variert og tilpassa alle elevar. Arbeidet med kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis (KOSIP) forventar vi vil styrke framover.

Det fins også barn, unge og familiar ein er urolige for i Herøy kommune. Det etablerte tverrfaglege samarbeidet i kommunen skal kome alle barn og unge og familieane deira til gode i høve ulike utfordringar. Føremålet med arbeidet er å kome tidleg inn med rett tiltak når utfordringar vert avdekka. Det er bygd opp både ein samhandlingsmodell og ein handlingsretteleiar som skal vere til hjelp i dette arbeidet. Samhandling krev at vi blir kjent med kvarandre i laget rundt barnet. Kommunikasjon, tillit og felles forståing er viktige faktorar vi jobbar med.

Elevundersøkinga for 2025 viser at elevane har god trivsel. Samanlikna med landet og fylket har vi låge tal på mobbing. Elevane sitt læringsmiljø har stor merksemd i skulane våre. I denne samanheng vil vi peike på at Herøyskulen vart i kommunebarometeret 2023 kåra til nr. 8 beste på skuledrift i landet. Herøyskulen låg også høgt på kommunebarometeret for 2025 med ein 29. plass. Det er særleg områda trivsel, lite mobbing, i tillegg til kompetanse hos tilsette som bidreg til denne plasseringa. Grunnskulen i Herøy bidreg med 20 prosent av kommunen sin totale skåre i denne statistikken.

Samarbeid i sektoren med avdeling for barnehage, kulturskule, kulturavdeling og kvalifiseringssenteret er særleg viktig for heilskapen i tilbodet grunnskuleelevane våre får. Det gjeld både i skuletida og på fritida. Foreldre spelar ei viktig rolle både som ressurspersonar i læringsprosessar og som barnet sine sosioemosjonelle støttespelarar. Dei er difor ein viktig del av det totale læringsmiljøet til barnet. Fordi foreldre har ei sentral rolle i livet til barnet sitt til langt opp i ungdomsåra, ser ein det som sannsynleg at foreldre kan påverke engasjementet for skulen både i positiv og negativ retning. Foreldra er viktige medspelarar i læringsarbeidet. Det er nødvendig at foreldre er bevisste på rolla dei har i arbeidet med danning og utdanning av barn og unge.

Fosnavåg, april 2026.

Herøy kommune  
Rådhusgata 5

Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Foto: Adobe Stock

